



# For auka elevengasjement i KRLE 8–10

NYNORSK FEBRUAR | 2019

## Muhammeds livsløp – levande graf

**Tid:** ca. ein skoletime

**Utstyr:** 2 kopioriginalar til kvar gruppe. Skrivesaker.

**KOMPETANSEMÅL:** *Gi ei oversikt over viktige historiske hendingar i islam. Forklare særpreget ved islam.*


### Til lærar

Denne oppgåva gir elevane ei oversikt over hendingar i Muhammeds liv som er sentrale i den forståinga islam har av kven Muhammed var. Ved å plassere hendingane inn i ein «levande graf» blir elevane utfordra til å sjå for seg den historiske samanhengen og miljøet Muhammed levde i. Oppgåva har ingen fasit, men opnar for refleksjon, og byggjer på Erik Lunds *Tren Tanken*-metodik. Her bør ein og nemne at Muhammed ikkje skreiv noko sjølv, men andre har skrive biografiar om han.

**Organisering:** Læraren viser først metoden, for eksempel ved å teikne eit enkelt koordinatsystem på tavla, setje inn 4–5 viktige årstal i eige liv på x-aksen (vassrett), fortelje om hendingane, og deretter setje eit kryss høgt eller lågt, etter graden av positive eller negative kjensler knytte til hendinga. Ut frå dette skal ein teikne grafen mellom kryssa. (10–15 min)

Organiser klassa i grupper på 2–4 elevar. Gruppene får kopiarka. Dei 22 opplysningane om Muhammed er lista opp kronologisk. Elevane må sjølv ansia omtrentleg årstal der det ikkje er oppgitt, og så setje eit kryss i koordinatsystemet ut frå kva kjensler elevane trur knytte seg til hendinga. På utsegn 12 kan det for eksempel hende at nokon vurderer hendinga som svært skremmande og derfor negativ, mens andre tolkar henne svært positivt – la elevane vurdere sjølv. Til slutt teiknar dei ein samanhengande graf mellom kryssa (20 min.).

Som oppsummering kan ein spørje: «Når i livet trur de han hadde det best? Og verst?» Elevane må få moglegheit til å grunngi svara. Dersom de har tid, kan gjerne to eller tre grupper samanlikne grafane sine og diskutere løysinga si, før de avsluttar i plenum (10–15 min.).



## Store spørsmål


– fordjupning og forståing i KRLE

lærebok | lærarretteiing | lærarnettstad | elevnettstad | lydbok | digitalbok



## Muhammeds livsløp – levande graf

Set hendingane på neste side inn på grafen. Set dei rett i tid (x-aksen) og ut frå korleis dei trur Muhammed opplevde hendingane (y-aksen).



## Muhammeds livsløp – tekst til levande graf

Set hendingane inn på grafen på førre side. Det vil seie at dei både skal plassere dei rett i tid (x-aksen) og plassere dei ut frå korleis dei trur Muhammed opplevde dei (y-aksen).

1. Eg vart fødd i Mekka i 570 e.Kr.
2. Som liten gut budde eg blant beduinane hos ei fostermor ute i ørkenen.
3. Mor mi, Amina. Døydde da eg var seks år.
4. Eg budde hos ein onkel og måtte arbeide som gjetar.
5. Som tenåring fekk eg bli med på lange reiser med kamelkaravanar.
6. Ein gong leidde eg ein handelskaravane heilt til Syria.
7. Da eg var 25 år, gifta eg meg med Kadija, som var mykje eldre enn eg.
8. Vi fekk sju barn saman, men dei tre sønene våre døydde som spedbarn.
9. Eg såg mykje som var urettferdig rundt meg.
10. Eg budde lange periodar i ei fjellhole utanfor byen for å meditere og be.
11. Av og til snakka eg med menn som las kristne og jødiske skrifter.
12. Ei natt i månaden ramadan i år 610 viste engelen Gabriel seg og fortalde kva eg måtte gjere.
13. Eg fekk fleire openberringar og tok til med å forkynne trua på éin Gud.
14. Kjøpmennene i Mekka likte ikkje bodskapen og motarbeidde meg.
15. Kadija døydde i 619.
16. Eg tok med meg familie og venner og rømde til Medina i 622.
17. I Medina innførte eg eit muslimsk samfunn , med nye lover og reglar.
18. Eg kunne ikkje skrive, men vennene mine skreiv ned eller lærte utanåt alle openberringane eg fekk.
19. Vi kjempa mange kampar mot hærane frå Mekka.
20. I 630 vann vi ein endeleg siger og kunne vende attende til Mekka.
21. I 632 gjennomførte eg pilegrimsreisa i Mekka.
22. Eg fekk oppleve at alle dei arabiske stammene gjekk over til islam.